



Saksbehandlar: Eileen Selland

Kommunedirektør: Filippo Ballarin

Saksnr.	Utval	Møtedato
010/23	Forvaltningsutvalet	08.03.2023

Opstart av Detaljregulering for Etnesjøen torg- og kaiområde

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Etne kommune startar opp kommunal reguleringsplan for torg- og kaiområdet i Etne sentrum. Reguleringsplanen skal utarbeidast som detaljplan i tråd med plan- og bygningslova kap. 12.

Forvaltningsutvalet 08.03.2023:

Behandling:

Med heimel i Kommunelova § 11-8 har leiar i Forvaltningsutvalet Andreas Aune (Sp) beslutta å handsama saka skriftleg.

Frist for samtykke i at saka skal skriftleg handsamast og at utvalsmedlemma sluttar seg til framlagt forslag i saka: Onsdag 08.03.2023 kl 12:00.

Alle medlemmene i Forvaltningstuvualet samtykkjer i e-post i at saka vert skriftleg handsama.

Alle medlemmene i Forvaltningsutvalet røystar i e-post for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

KF- 010/23 Vedtak:

Samrøystes

Etne kommune startar opp kommunal reguleringsplan for torg- og kaiområdet i Etne sentrum. Reguleringsplanen skal utarbeidast som detaljplan i tråd med plan- og bygningslova kap. 12.

Saksutgreiing

Samandrag

Etne kommune v/utviklingsavdelinga vil starte opp arbeidet med ny detaljplan i tråd med det påbyrja forprosjektet for transformasjon av torg- og kaiområdet i Etne sentrum.

Gjeldande reguleringsplan i området er frå 1999. Utarbeiding av ny detaljplan etter dagens lovverk og forskrifter er eit viktig plangrep for å transformere sentrumsområdet. Det vil verte fokus på å vidareføre strandpromenaden frå gjeldande reguleringsplan, med ei endeleg løysing som er

teknisk realiserbar.

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for ny kai, strandpromenade og fasilitetar for turisme, rekreasjon og leik. Fagkyndig konsulent vert engasjert til å utarbeide plankart, føresegner og øvrig plandokument på vegne av kommunen.

Bakgrunn for saka

Prosjektgruppa for Etnesjøen torg- og kaiområde har det siste året arbeidd kontinuerleg med eit forprosjekt for transformering av desse viktige sentrumsareala våre. Arbeidsgruppa har i løpet av denne tida hatt fleire møte med Etnesjøen Grendalag, Etne Sentrumsforeining, og berørte grunneigarar. Det er utarbeidd skisser som grunnlag for det komande arbeidet med detaljplan.

Oppgradering av kaianlegget ligg inne i investeringsbudsjettet for dei neste åra, og det er naturleg å sjå torget og kaien under eitt. Det er blant anna inngått intensjonsavtale om plass i parkeringskjellar under torget som eit ledd i oppgraderingsprosjektet (K-077/22).

Før utarbeiding av planen vil det vere rom for å gi innspel til oppstart av planarbeidet. Då vert offentlege instansar, lag og organisasjonar, grunneigarar, naboar og gjenbuarar varsla særskilt med brev, og arbeidet vert kunngjort i Grannar og på kommunen sine heimesider. Det er ikkje krav til utarbeiding av planinitiativ når planmynden sjølv er forslagsstillar. Likevel skal varselet vere grundig nok til at dei varsla kan gi konstruktive innspel på eit tidleg stadium av planprosessen.

Vurdering

Utarbeiding av ny detaljplan gir eit godt og grundig grunnlag for transformasjon av torg- og kaiområdet. Ein detaljplan etter dagens plan- og bygningslov skal sikre openheit, forutsigbarheit og medverknad for alle berørte interesser og mynde. Gjennom plan vil den estetiske utforminga av omgjevnadane våre verte sikra, og prinsippet om universell tilgjenge skal vere gjennomgåande. Ikkje minst skal omsynet til born og unge sine oppvekstvilkår vere ivaretatt.

Kommunedirektøren sin konklusjon

Ein detaljplan av nyare dato vil sikre transformasjon av eitt av dei viktigaste sentrumsområda kommunen har. Å starte opp ein plan der det finst midlar til å gjennomføre delar av tiltaka vil sikre byggjestart innan rimeleg tid, samtidig som at lova sine krav til teknisk utforming, medverknad, universell tilgjenge, born og unge mm. vert ivareteke.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

Politisk vedtak for oppstart av kommunal plan. Påfølgjande varsel om oppstart vert i tråd med plan- og bygningslova §12-8.